



MØTEBOK

Møte: 2-2018
Møtedato: Onsdag 18.04.2018
Møtestad: Viefluno
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Elin Taranger, Solfrid Lønning, Elisabeth Bjørnevik og Trygve Leigland.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og sakliste vart godkjend. Spørsmål om ekstratilskot til Espevær bedehusapell vart trekt ut som eigen sak.

2018-02-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 1 – 2018 vart godkjent.

2018-02-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Informasjon om personalsituasjonen. Sekretær/konsulent, pedagog, kantor.
2. Prosjektoppdatering. Foldrøy gravplass, Steinheller Moster, Oppfylling av felt D-Lykling.
3. Merknadar sendt til høyring om sentrumsløysing. Vedlegg.
4. Vedtak om opplysningsplikt – Eigenmeldt sjukefråvær. SSB. Vedlegg.
5. Brev ang. stønad til Espevær bedehus. Vedlegg. Trekt ut som eigen sak.
6. Innspel sendt til rådmannen på ny lokalisering av kyrkjekontoret i Bømlo kommune. Vedlegg.
7. Drenering på Bremnes gamle. A-feltet.

2018-02-03 KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2018

Det vart kommentert og stilt spørsmål til eit par av postane i kvartalsrapporten. Deriblant ang. fast pris på tenesta for opning av graver, og posten straum vart kommentert positivt.

Vedteke:

1. Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2018 til vitande.

2018-02-04 ÅRSREKNESKAPEN 2017

Fellesrådet vedtok følgjande forslag til vedtak med føresetnad av godkjenning frå revisor.

Vedteke:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2017 med atterhald om at revisjonen ikkje har merknader.**
- 2. Rekneskapen er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 351.967.**
- 3. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek at 100 905 av mindreforbruket skal overførast investeringsrekneskap for 2018.**
- 4. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek at meirforbruket på tenesta diakoni ikkje skal dekkjast av bundne fond.**
- 5. Fellesrådet vedtek at resterande overskudd (251 062) skal førast på disposisjonsfond.**

2018-02-05 ÅRSREKNESKAPEN 2017

Det vart kommentert at arbeid retta mot ungdom 16 – 18 år må komma enda tydlegare fram.

Vedteke:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2017 slik den føreligg.**

2018-02-06 EKSTRA TILSKOT TIL ESPEVÆR BEDEHUSKAPELL

Det er komme brev frå Espevær bedehus med spørsmål om ekstra løyving til drifta av bedehuset. Det vart stilt spørsmål til kor stor bruk av bedehuskapellet kyrkja står for samanlikna med anna aktivitet som føregår i bedehuskapellet.

Vedteke:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd ber kyrkjevevja innhente informasjon/årsmelding frå Espevær bedehuskapell for å få eit betre grunnlag for evt. tilskotsauke.**

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje